



Robert i kjedlaren i kveld

I mai kjem Robert Smith-Hald med album nummer 3 og utifrå det vi fekk med oss under konserten hans i Dønhaugkjedlaren i kveld er det grunn til å skrue forventningane høgt. Trubaduren som er frå Pennsylvania men bur i Bergen har fått svært mykje ros for dei 2 albumane han har laga til no og som kom i 2009 og 2012. og under konserten i kveld fekk vi høyra 7 av dei 11 låtane som den tredje vil innehalda.

Robert formidlar berre eigenprodusert vare og sa det slik til uskedalen.no ikveld med eit sideblikk til den nye jobben som bryggerimeister på Hansa: - Dette er ein parallell til ølbryggarjobben - eg lagar berre eigne ting!



[Karin Pittman](#) - likar Uskedalen

Og det han lagar er melodiose, vakre låtar som det er ei oppleving å høyra på. Tekstane har som regel ein bodskap som går rett heim

- til dømes We can change the world.
- Han minnar mykje om Bob Dylan, var ein av kommentarane vi høyrde i kveld.

Robert hadde denne gongen med seg musikaren Vegard Henanger frå Sævareid i Fusa som har spela saman med han sidan 2006. Det ga konserten ein ekstra og fylldigare dimensjon, ikkje minst på grunn av Vegard sin ekvilibristiske traktering av mandolinen.

Diverre var ikkje kjedlaren full, men dei rundt 40 som kom hadde ein fin kveld. Blant dei var også ein nær venn av songaren, professor i fiskebiologi og konsul for Canada i Bergen Karin Pittman. Ho opplevde Uskedalen for andre gong og var full av lovord om bygda, som ho tykte har 'eit preg av roleg velvære'.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Robert og Vegard - eit sterkt muskarpar